



Dato 11.02.2011

Ref.: 143/3.30

Til føresette/foreldre med barn som skal ta til på skulen hausten 2011.

Kjære foreldre med nye førsteklasingar!

Vedk. : Innskriving til hausten.

Du (De) har barn som skal ta til på skulen hausten 2011. Dette er første formelle brevet frå skulen! Velkommen som foreldre med elev(ar) på Brattholmen skule!

Det er ikkje innskriving ved personleg frammøte i Fjell kommune.

Vedlagt finn de eit skjema som skal fyllast ut og returnerast til skulen så snart som mulig og innan 11.03.2011. Dette skjemaet er grunnlag for innskriving ved skulen.

Vi kjem til å innhenta opplysningar om eleven i eige skriv til heimen i mars. Då kjem også bindande påmelding til SFO.

Skulen vår er nynorsk-skule med bokmålsklassar/grupper på alle steg. Du vil finna mykje info om skulen på nettsida vår, sjå under!

Førskuledagen blir det sendt ut invitasjon til seinare. Denne dagen har vore lagt til ein av dei siste torsdagane i mai i tida frå kl 13.00 til 14.30. Medan elevane er saman i klassen med læraren sin, har rektor informasjonsmøte med føresette i gym.salen. Her får de også møta FAU-leiar, SFO-leiar, inspektøren og kontorpersonen vår. Det skal veljast klassekontaktar for klassane på dette møtet.

Ta gjerne direkte kontakt om det er noko som er uklart!

Med venleg helsing

Arne Bjørøy
rektor

Vedl.: Skjema for retur til skulen. Frist 11.03.2011